



Foto: Magne Sandnes, HFK



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

AUD-rapport nr. 06-17

Evaluering av prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» 2016-2019

Delrapport 1 – Skildring av no-situasjonen ved prosjektskulane



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse

Kontaktinformasjon/ e-post: Martin Tvedt, martin.tvedt@hfk.no

Dato/ev. versjonsnr: AUD-rapport nr 06-18, 10.04.2018.

Forsidefoto: Magne Sandnes, HFK

INNHOLD

OM RAPPORTEN	4
INNLEIING	5
METODE.....	7
FORHOLDET MELLOM SKULE OG BRANSJE	8
UTPLASSERING I YFF	9
FØREBUING AV ELEVANE	12
LÆREPLASSAR	13
OPPSUMMERING	15

Om rapporten

Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse har fått i oppdrag av fagopplæringa i Hordaland fylkeskommune om å gjøre ei følgjeevaluering av prosjektet «Auke gjennomføring – fleire ut i lære» som går i perioden 2016-2019. Dette er den første rapporten i evalueringa og er ein skildring av situasjonen ved prosjektskulane ved inngangen til prosjektet. Hovudtema er korleis skulane held kontakt med arbeidslivet, bruken av faget yrkesfagleg fordjuping (YFF), førebuing elevane mot å søke læreplass og utfordringane med å få læreplass. Bedriftene sine forventingar og erfaringar vil også inngå som del av evalueringa.

Innleiing

Om lag 6 av 10 gjennomfører yrkesfagleg opplæring innan fem år i Hordaland (Hordaland i tal nr 2, 2017). Dette er litt under landsnittet. Ein del av desse brukar lengre tid, andre fullfører men består ikkje. 2 av 10 sluttar. Generelt har jenter høgare gjennomføringsgrad enn gutter. Dette er tal som varierer mellom ulike utdanningsprogram. Mange ungdommar opplever å stå utan læreplass i fylket kvart år. Av 3 039 søkerar¹ i 2017 fekk 2 154 tilbod om lærekontrakt (UDIR). 92 % av desse har lærekontrakt, 3 % er lærekandidatar mens 5 % får fagopplæring i skule (VG3). Det vil sei at 3 av 10 sto utan læreplass per 31. desember 2017. Mellom 2012 og 2017 har det vore ei nedgang i andelen som får læreplass, og fleire enn tidlegare står utan tilbod.

Fylkestinget erkjenner problemet med låg gjennomføringsgrad i Hordaland og vedtok i 2016 4,5 millionar for å styrke arbeidet med å få til samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Ei politisk sak som vart lagd fram, «auka gjennomføring i yrkesfaga – strategiar på kort og lang sikt» skisserer forslag for korleis midlane kan nyttast. På kort sikt er ein av strategiane å starte ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar på fem vidaregåande skular. Dette er handtert gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære».

Skulane i prosjektet er:

- Slåtthaug vidaregåande skule
- Sotra vidaregåande skule
- Stord vidaregåande skule
- Nye Voss vidaregåande skule og Voss gymnas
- Årstad vidaregåande skule

Prosjektet ønskjer spesielt å rette innsatsen mot overgangen mellom skule og arbeidsliv, eit kritisk punkt i fagopplæringa der mange ungdommar opplev å stå utan tilbod om læreplass. Det skal byggjast opp strukturar (arbeidsrutinar, oppfølging og rapportering) som sikrar at utdanninga blir eit heilskapleg fireårig løp der ein i mindre grad er avhengig av enkeltpersonar. Leveranse mål² for prosjektet er:

- Systematisere og utvikle samarbeidet mellom bedrift-skule.
- Oppsøkande informasjonsverksemde mot elevar og bedrifter for at dei skal få informasjon om søknadsprosess, arbeidslivets krav til elevar og informasjon til bedrifter om fag- og yrkesopplæringa.
- Knyte kontakt med aktuelle bedrifter i regionen, utarbeide forpliktande avtalar for kontakt og samarbeid. Dette skal styrke skulen sitt nettverk.
- Arbeide for fleire lærebedrifter og læreplassar i regionen
- Legge til rette for at elevane kan bli utplassert i bedrift. Det trengs oversikt over kor og når elevane er i utplassering. Lærarane og leiarar i YFF bør saman sikre eit system for planlegging, gjennomføring og oppfølging av praksisophaldet.
- Formidle elevar til læreplassar.
- Støtte elevar i overgangen frå skule til læretid.
- Få på plass varige arbeidsstrukturer og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.


Yrkesfaglege koordinatorar (YFK) blei tilsett ved dei fem prosjektskulane i juni 2017. Eit sentralt punkt er at YFK i samarbeid med lærar har den fulle og heile oversikta over skulens samla mengde søkerar til læreplassar.

Situasjonen ved prosjektskulane i 2017

Det er stor variasjon mellom skulane kor stor del av elevane som har fått læreplass og kor stor del som er i andre tilbod, t.d. VG3, påbygg, andre liner osv. På Slåtthaug fekk nesten halvparten av elevane læreplass mot 30 % på Årstad (figur 1). Det er også ein viss samanheng mellom prosentdelen som har fått læreplass og prosentdelen som er utan status, det vil seie den gruppa som korkje har slutta, går VG3, påbygg eller har teke omval. Skulane med høgast prosentdel av elevar som fekk læreplass har generelt ein lågare prosentdel som er utan status.

¹ Inkluderer berre søkerar med læreplass som sitt førsteval. Omfattar også dei som ikkje har søkt (skaffa læreplass på eigehand) og dei som har søkt skuleplass, men likevel fekk læreplass.

² Prosjektplan for «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», mai 2017



Figur 1: Prosentvis fordeling av elevar etter status og skule per 31.12.2017. Overgang VG2, 2016/17. *Voss inkluderer nye og gamle Voss vgs, Rogne vgs og Hjeltnes.

Det er stor variasjon mellom dei ulike skulane. Til dømes fekk alle elevane som gjekk industriteknologi på Stord tilbod om lærepllass, mens berre 15 % fekk lærepllass i det same faget på Årstad. I Helsearbeidarfaget er situasjonen meir lik mellom skulane der om lag 25 % ved alle skulane fekk lærepllass, men her ønskjer mange seg vidare og tek påbygg til dømes.

Tabell 1: Dei fem kursa med høgast prosentdel som fekk lærepllass, skuleåret 2016/2017. Tal per 31.12.2017.

Skule	Kursnavn	% Lærepllass
Stord	Industriteknologi	100
Slåtthaug	Bilskade, lakk og karosseri	79
Slåtthaug	Industriteknologi	77
Voss (gamle)	Frisør	71
Voss	Køyretøy	67

Prosentdelen som fekk lærepllass kan vise eit bilet av situasjonen, men framleis er det ein del elevar som ikkje er i VG3, Påbygg, i andre utdanningsprogram eller har slutta, det vil seie at dei har ingen status. Eit døme her er frisørlina på Voss, der 7 av 10 fekk lærepllass, men framleis er det 3 av 10 som ikkje er i nokre av dei andre tilboda.

Tabell 2: Dei fem kursa med høgast prosentdel som har ingen status, skuleåret 2016/17. Tal per 31.12.2017.

Skole	Kursnavn	% Ingen status
Årstad	Industriteknologi	48
Årstad	Dataelektronikerfaget	47
Voss	Elenergi	40
Voss	Kokk- og servitørfag	36
Hjeltnes	Blomsterdekoratør	33
Voss (gamle)	Frisør	29

Elevane som har *ingen status* ved utgangen av året treng ikkje bety eit vidare fråfall i vidaregåande. Nokre tek eit fri-år eller går på folkehøgskular eller kan vere følgd opp av oppfølgingstenesta i fylkeskommunen (OT-

PPT), NAV eller vaksenopplæring. Ein kan ikkje heilt vite vegen vidare for desse elevane, men på generelt grunnlag er det problematisk at ein stor prosentdel av elevane i eit fag ikkje fullfører mot eit fagbrev eller ein form for studiekompetanse. Ein rapport frå Senter for økonomisk forsking i Trondheim (Falch, Borge, Lujala, Nyhus, & Strøm, 2010) slår fast at å fullføre vidaregåande opplæring gir positive effektar som auka arbeidsmarknadstilknyting, redusert sjanse for å bli arbeidssøkar, motta offentleg støtte eller å hamne i fengsel. Det er også slik at grunnskulekarakterane påverkar sannsynet for å fullføre, men vil også auke sjansane for sterke arbeidsmarknadstilknyting. Slik sett kan grunnskulekarakterane til dei som ikkje fullfører vege tyngst når det gjeld å få seg jobb seinare. Dei svake elevane kan difor vinne mykje på å fullføre vidaregåande.

I denne rapporten er det tre hovudproblemstillingar:

- 1. Kva kjenneteiknar skulane sin kontakt og samarbeid med bedriftene per i dag og korleis påverkar dette arbeidet med å få elevar ut i lære?**
- 2. I kva grad bidreg utplassering (YFF) til å få fleire ut i lære?**
- 3. Kven slit med å få læreplass og kva oppfølging får desse?**

Metode

Evalueringa baserer seg på fleire metodar. Innsamling av informasjon frå informantar skjer gjennom utsending av spørjeskjema til bedrifter og avdelingsleiarar samt fokusgruppeintervju med lærarane ved dei fem skulane.

Spørjeskjema til skulane

Avdelingsleiarar på yrkesfag ved Årstad, Voss, Sotra, Slåtthaug og Stord vidaregåande skular svarte på eit kort spørjeskjema. 12 av leiarane svarte på heile eller delar av skjema. Dei fleste yrkesfaga er representert sjølv om nokre av lærarane representerer fleire fagretningar.

Spørjeskjema til bedriftene

Undersøkinga blei sendt ut til bedrifter som har oppgitt at dei har eit samarbeid med ein eller fleire av dei fem vidaregåande skulane i prosjektet; Sotra, Stord, Årstad, Slåtthaug og Voss. Av 632 respondentar, svarte 38 % på heile og 3 % på delar av undersøkinga. Med ein samla gjennomføring på 41 % gir det ein usikkerheit i svara på +/- 5 %.

Fokusgruppeintervju

Yrkesfaglærarar ved skulane deltok i eit fokusgruppeintervju der ein diskuterte tema som bransjekontakt, YFF, førebuing av elevar og læreplassar. For Nye Voss er dette løyst gjennom telefonintervju grunna liten tid.

Forholdet mellom skule og bransje


Faglæraren som bindeledd

Det varierer korleis skulane og dei ulike fagretningane samarbeider med bedriftene. I intervjuet med lærarane kjem det fram at kontakt med bransjen ligg som oftast på personnivå og er særleg utbredt i handverk- og industrifaga. Den typiske situasjonen er gjerne ein yrkesfaglærar som sjølv har erfaring frå bransjen med eit tilhøyrande nettverk som han eller ho tek med seg i jobben som lærar. Kommunikasjonen er gjerne uformell og skjer på arenaer der skulen og bransjen møtast, i utplasseringsperiodar, skulebesøk osv. Dette kan fungere veldig godt avhengig av kor tett lærar er på bransjen. I nokre tilfelle gjev dette skulen (via lærar) mykje innsikt i kva som er situasjonen ute i bransjen og påverkar også formidlinga av informasjon om utplassering og læreplassar til elevar. Samstundes er det skular som slit med å komme inn på desse arenaene. På Sotra (industri, VG1) og Årstad (plate/sveis, VG1) er det få eller ingen elevar som er i utplassering, delvis grunna konjunkturedgang og lågare aktivitet i bransjen, men også grunna lang reiseveg for å følgje opp elevane. Problem med kontakt kan også skuldast næringsstrukturen, som i byggfag på Sotra, der mange av bedriftene er enkeltføretak med få tilsette. Dette gjer det vanskeleg for skulen å formidle informasjon om utplassering og få til eit samarbeid med bedriftene.

Sjølv om lærarar ser ut til å sitte på mykje informasjon og har hovudkontakten med bransjen, har skular som Sotra, Stord og Voss til ein viss grad ein tradisjon eller kultur for å tenke lokalt arbeidsmarknad og har eit gjensidig samarbeid med bedriftene i ulike utdanningsprogram. På Sotra gjeld dette HO, Service og til dels restaurant og matfag, mens på Stord er det særleg Industriteknologi som har eit tett samarbeid med dei store bedriftene. På Voss kan det vere større aktørar som Voss sjukehus (HO) eller kommunen. I offentleg sektor (typisk for HO) kan det likevel vere langt mellom dei ansvarlege for opplæringa på arbeidsplassen, som vil ha den daglege drifta og dei som har ansvaret for personalressursane, slik at kontakten mellom skulen og arbeidsplassen kan vere god, men dårlig opp mot leiinga i lærebedrifta. Opplæringskontora kan fungere som eit bideledd mellom skulen og bedriftene og har også ansvar for fordeling av læreplassar når elevane søker læreplass sentralt. I nokre fag og ved nokre skular er opplæringskontoret svært aktive og har tett kontakt med lærarane (t.d. industri/elektro på Stord, køyretøy på Årstad), mens i andre tilfelle (HO, Slåtthaug) er det lite kontakt.

Lite samarbeid – fornøgde bedrifter

Frå spørjeskjema til bedriftene kjem det fram at det er mange bedrifter som i liten grad har eit samarbeid med vidaregåande skule, trass i at dei er ein del av skulane sine kontaktnett ut mot arbeids- og næringslivet. Det kan vere fordi dette per i dag fungerer meir som kontakt og ikkje er oppfatta som eit samarbeid. Samstundes er dei bedriftene som seier at dei har eit samarbeid med ein eller fleire av prosjektskulane i stor grad fornøgde med samarbeidet (figur 1) og svært få er misfornøgde. Slåtthaug og Sotra har den største andelen av bedrifter som svarar at dei er fornøgde.



Figur 2: I kva grad bedriftena er fornøgde med samarbeidet med den enkelte skule.

Det varierer ein del kva kontakt bedriftene har mot skulen. Nokre har kontakt med fleire lærarar, nokre har ein fast kontaktperson mens andre har generelt lite kontakt med skulen. Slåtthaug og Sotra har ein overvekt av

bedrifter med ein fast kontaktperson, mens andre skular har ein likare fordeling mellom dei som har kontakt med fleire og dei som har fast kontakt. På Voss, Stord og Årstad er det om lag ein tredel av bedriftene som har lite kontakt med skulen. Det vil sei at dei verken har kontakt med ein fast kontaktperson eller fleire kontaktpersonar ved skulane. Det ser ut til å vere ulike behov hos bedriftene om kontakten kan vere slik den er i dag eller om dei ønskjer seg faste kontaktpersonar.

Utplassering i YFF

YFF-faget skal gi elevane moglegheit til å prøve ut eitt eller fleire lærefag som grunnlag for endelig val av lærefag. Her kan bedriftene vere med å definere innhaldet i opplæringa. Faget gir også rom for å ta program- og fellesfag.

YFF i skulen

Lengda på utplasseringa og frekvensen varierer ein heil del mellom skulane og utdanningsprogramma. Nokre er ute ein til to dagar i veka, ei heil veke eller to eller tre veker. Det er også døme på enda lengre periodar. På Nye Voss vgs har ein valt blokkperiodar vår og haust for å gje elevane ein lenger samanhengande periode, hovudsakleg på VG2. Dette gjer det også mogleg å reise ut av regionen for å ta utplassering (RM, Voss t.d.). Generelt organiserast utplassering dels frå ønske fra bedriftene og dels av omsyn til timeplanen.

Prosessens med å skaffe utplassering er løyst ulikt og avhenger litt av korleis bedriftene ønskjer at dette skal skje. I HO (Sotra, Slåtthaug, Årstad, Voss) og elektrofag (Stord og til dels Slåtthaug) ønskjer bedriftene at skulen tek heile ansvaret med å kontakte bedriftene for å skaffe plassar. I HO kan det også vere konkurransen om utplasseringsplassar frå andre aktørar, som sjukepleiestudentar og andre helserelaterte studiar ved høgskule og universitet. I fag som bygg (Sotra, Stord, Slåtthaug, Voss), frisør (Årstad, Voss) eller elektrofag (Sotra, Voss) blir dette sett på som ein god anledning for elevane til å gå ut å spørje, men under ei viss overvaking og oppfølging frå lærarar (Voss). Dette kan også vere ein moglegheit for elevane å øve seg på å skrive ein søknad, slik det er løyst ved VG3-linja i elektrofaget på Stord. Likevel oppstår det ofte problem ved at fleire elevar kontaktar same bedrift eller at andre skular fungerer som konkurrent til dei same plassane, som særleg er tilfelle i Bergensområdet. Ettersom førespurnadene i liten grad er koordinert, kan dette skape unødvendig mykle arbeid for lærarane. Nokre bedrifter har styrt denne straumen av førespurnader, t.d. i service og samferdsel (Sotra), der ein stor bedrift har ein kalenderoversikt for å unngå at skular kjem på utplassering i same periode.

Sjølv om noko av målet med YFF er å gi elevane moglegheit til å prøve ut nye lærefag, er det mange lærefag det er vanskeleg å få utplassering i. På HO gjeld dette t.d. apotek, hudpleie, portør og ortopediteknikar. På Årstad (frisør, hudpleie, plate/sveis, køyretøy) og på Voss (elektro) nyttast eigne fasilitetar til YFF. Mange elevar er difor innomhus som del av YFF, særleg i VG1. I Industriteknologi VG1 (Årstad, Sotra) er det utfordrande å finne utplasseringar for elevane, særleg når mange av dei store aktørane ligg utanfor Bergensområdet, eller ønskjer elevar frå VG2. Dette skuldast også konjunkturedgang der bedriftene har redusert aktiviteten.

Det er stor variasjon i bruken av YFF. I fag som HO, RM og Service drar elevane tidleg ut i utplassering og YFF blir sett på som ein viktig del av å finne ut kva fag ein kan velje. I handverks- og industrifaga treng elevane å vere godkjend for å jobbe på byggjeplass og ein treng litt meir tid før dei byrjar i utplassering. I fag som elektro (Sotra) og industri (Årstad) er tyngda av utplasseringane på VG2. Dette har samanheng med at bedriftene ønskjer elevar i utplassering med meir kompetanse, men også av omsyn til lange reisevegar til industriarbeidsplassar. Det er også ei oppfatning at VG1-elevane kan oppta plassar for dei eldre elevane, som kanskje er nærmare starten på læretida, slik at det ligg ei prioritering i kven som bør få plassane. Det kan også vere lettare å finne relevante oppgåver til elevane når dei er litt eldre eller kan meir.


Sjølv om det er døme på at elevane får lite relevante oppgåver, særleg i byrjinga på VG1, er det lærarar som er opptekne av at ambasjonane for utplasseringa, særleg på VG1, bør handle om modning hos elevane, at dei klarar å stille på jobb og handtere ein arbeidskvardag. Slik sett er ikkje oppgåvene det viktigaste. I HO, Service og IKT-fag er det lett å tilpasse oppgåvene til det nivået elevane er på (eksempelvis VG1), mens i fag som har ein løpende produksjon, som bygg, elektro, industri og restaurant/matfag er det meir tilfeldig kva bedrifta jobbar med og kva som er oppgåvene den tida eleven er i utplassering. Det gjer at det er vanskeleg å involvere bedriftene med å definere kva elevane skal lære noko om. Det er heller snakk om ein tilpassing av læreplanen til det som eleven jobba med i utplassering. På Voss gymnas (HO) er det døme på ein dialogbasert modell der bedrifta får moglegheit til å sjå på kva som er planlagt for utplasseringa og kome med tilbakemeldingar på det for å ta høgde for justeringar undervegs. På Stord (TIP) har ein lukkast med at elevane tek eit sveisekurs som

del av utplasseringa på VG1, slik at bedriftene aktivt deltek i opplæringa av elevane. I frisørfaget (Årstad) og dels i HO får elevane eigne oppgåver dei skal jobbe med i utplasseringa.

Når elevane kjem ut i bedriftene har dei gjerne med seg informasjon frå skulen om utplasseringa og eit vurderingsskjema. Nokre lærarar legg ved alle læreplanmåla, mens andre unngår å sende ved for mykje informasjon i frykt for at bedriftene vil oppleve dette som for krevjande og ikkje ta imot elevar seinare. Dei fleste bedriffter fyller ut eit skjema frå skulen med karakterskala på bestemte punkt, t.d. oppmøte eller andre læreplanmål. Denne informasjonen supplerast med bedriftsbesøka der lærar gjerne observerer eleven og har ein kort samtal med bedrifta. I HO (Slåtthaug, Sotra, Årstad), service (Sotra), RM (Voss), elektro (Voss) og bygg (Sotra, Stord, Voss) er det vanleg at elevane skriv logg og dei held ein form for presentasjon etter utplasseringsperioden. Dette inngår som del av vurderinga av elevane i faget YFF.

YFF – sett frå bedriftene si side


I overkant av 1 av 3 bedriffter har elevar i utplassering både frå VG1 og frå VG2. Ytterlegare 20 % har VG2-elevar mens 12 % berre har VG1-elevar. 21 % har ikkje elevar i utplassering og har ikkje svart på fleire spørsmål om emne, men har teke stilling til eit spørsmål om kvifor dei eventuelt ikkje har teke inn elevar.



Figur 3: Utpllassering i bedrift

Årsaka til at dei ikkje har teke imot elevar ser ut til å vere ein kombinasjon av manglande informasjon samt haldningars og kvalifikasjonar hos elevane. Bedriftene blei vidare spurta om moglegheita for å ta inn elevar frå høvesvis VG1 eller VG2 alt ettersom dei berre hadde elevar frå eit av åra. For VG1-bedrifftene seier halvparten at dette er mogleg, mens hos VG2-bedrifftene seier 40 % at det er mogleg. Det er også mange bedriffter som ikkje er sikre i dette spørsmålet. Det viser at det er eit potensiale for fleire utplasseringar begge åra hos mange bedriffter.


Dei aller fleste bedrifftene er einige i at yrkesfagleg fordjuping (YFF) er viktig for å rekruttere lærarar til bedrifta og at dette gir lærlingane viktig kjennskap til arbeidslivet (Figur 4). 56 % bedrifftene samarbeider med skulen om mål og innhald i YFF og 57 % opplev at bedrifta, gjennom YFF, får god kontakt med lærarane på skulen.



Figur 4: Utsegn om YFF, prosentdel av respondentar som har svart nokså eller heilt einig.

75 % av bedriftene svarar at elevane har med seg informasjon når dei kjem ut i praksis. Omrent halvparten av bedriftene er fornøgde med denne informasjonen. Blant tilbakemeldingane frå bedriftene om informasjon ønskjer fleire seg ein kontaktperson i samband med utplasseringa, tettare dialog, at informasjon kjem tidleg eller er tilgjengeleg på nett. Det er også fleire som ser ut til å ha lite informasjon om kva opplæring eleven skal ha eller at det ikkje er samsvar med det eleven har med seg av teoretisk kompetanse og det han eller ho viser ute i bedrift.


I vurderinga av elevane (i faget YFF) svarar 40 % av bedriftene at dei i stor grad bidreg til vurderinga av eleven. Her er det viktig å seie at mange bedrifter er usikre, 26 % svarar verken eller mens 34 % svarar at dei i nokså eller i svært liten grad bidreg.



Figur 5: Bedriffters deltaking i vurdering av elevar i faget YFF. Prosent.

Mange av elevane som tek YFF ser ut til å få lærlingkontrakt etter eit opphold i utplassering. Ein av tre bedrifter svarar at over 50 % av elevane som har vore på utplassering hos dei har fått læreplass.

Kan du anslå om lag kor stor del av dei elevane som har vore i praksis (YFF) hos dykk som får lærlingekontrakt etterpå? (kryss av den som passar best) (N=158)



Figur 6: Andelen elevar som får lærepllass etter utplassering i YFF.

Førebuing av elevane

På skulen får elevane opplæring i å skrive søknad og CV. Som oftast skjer denne undervisninga som del av norskfaget, men lærarane gir også noko innføring i kva som forventast under intervju og den formelle prosessen med å söke lærepllass. Resultatet frå undersøkinga ut til avdelingsleiarane viste at:

- 7 av 10 avdelingsleiarar seier dei har ein strategi for at elevane skal få undervisning om karriererettleiing og/eller rådgjeving.
- 9 av 10 avdelingsleiarar seier dei har ein strategi for undervisning knytt til å skrive jobbsøknad og CV
- 6 av 10 avdelingsleiarar seier dei har ein strategi for at elevane skal få undervisning om jobbintervju.
- Halvparten av leiarane seier dei tilbyr mellom ein og to dagar undervisning i løpet av skuleåret om karriererettleiing og/eller rådgjeving, 1 av 3 tilbyr mindre enn ein dag.
- 8 av 10 tilbyr ein til to dagar med undervisning i skriving av jobbsøknad og CV.
- Halvparten av avdelingsleiarane tilbyr undervisning i intervjuutrening mindre enn ein dag, mens den andre halvparten tilbyr ein til to dagar. Ansvaret for undervisninga ligg hos faglærarar, men er ofte eit delt ansvar mellom fellesfaglærar i norsk, rådgjevar og YFK.


Forutan førebuing i regi av skulen, får elevane ei innføring i forventningar frå bedriftene, gjerne gjennom bedriftsbesøk. På Sotra har t.d. byggfag avtale med ein bedrift om besøk på skulen der også tidlegare lærlingar stiller. Mange liknande samarbeid eksisterer, t.d. i frisørfaget på Årstad. På Nye Voss arrangerast ein eigen konferanse for YFF og utplassering i bedrift for å skape ein møteplass melom bedrifter og skule. På denne måten kan ein lufte erfaringar og forventningar hos dei to partane. Frå lærarane si side er det positivt at det kjem eksterne og fortel om denne prosessen, ettersom elevane får informasjonen rett frå bransjen.

Trass i at mange lærarar melder om at dei har bedriftsbesøk, har berre 4 av 10 bedrifter som skulene har kontakt med presentert seg for elevane på skulen. Av desse igjen er det om lag halvparten som har presentert seg gjennom opplæringskontoret.

Lærepllassar

Kva ser bedriftene etter?

Bedriftene meiner i hovudsak at språklege eigenskapar, fråvær samt sosiale og faglege ferdigheiter er viktig når dei vurderer potensielle lærlingar. Det aller viktigaste ser ut til å vere fråvær. Nesten 90 % seier dette er ganske viktig. Dette er i tråd med det lærarane har sagt under intervjua.



Figur 7: Viktigheita av ulike eigenskapar hos potensielle lærlingar. Merk at svaralternativet «svært lite viktig» ikkje er vist her, då ingen av respondentane har valt dette.

Mange bedrifter har også svart opent om andre eigenskaper dei vektlegg når dei skal velje ut lærlingar. Ordsuka under baserer seg på frekvensen i svara frå bedriftene. Interesse og motivasjon er to nøkkeleigenskapar som mange bedrifter meiner er sentralt, i tillegg til sjølvstende, helse og engasjement.



Figur 8: Eigenskapar bedriftene meiner er viktige hos potensielle lærlingar.

Kven slit med å få læreplass?

Lærarane som er intervjua meiner at gruppa som ikkje får læreplass er samansett. Noko kan skuldast tilfeldigheiter eller at dei slit med sjølvtillit og ikkje tør å vise seg fram for bedriftene. Andre forklarer dette med at ein har berre ein viss mengde læreplassar tilgjengeleg og at det er konkurransen som avgjer kven som får plass. Det er likevel slik at mange gjerne har ein kombinasjon av dårlige karakterar og mykje fråvær. Minoritetsspråklege kan ha dårlige språklege ferdigheter og slit allereie med undervisning. Når desse står utan læreplass er ofte tilbodet påbygg, der meir fellesfag ventar og problema held fram. Mange i denne gruppa er også litt eldre når dei byrjar utdanninga og fell frå ettersom dei blir for gamle og hamnar utanfor retten til vidaregåande opplæring. Omval kan også påverke dette dersom dei stadig byrjar på nytt og brukar opp retten. I frisørfaget (Årstad) har bransjen meldt om klare preferansar på at dei ikkje ønskjer elevar med psykiske problem. Sjølv om lærar har teieplikt, er dette noko som bedriftene oppdagar undervegs i utplasseringsperiodane, då eleven gjerne treng å gå til avtalar hos psykolog eller psykiater. Dette kan påverke negativt seinare når eleven skal ut og söke læreplass.

Når det gjeld oppfølging i sökeprosessen fram mot læreplass og i tida etterpå, seier mange av lærarane i intervju at dei tek ansvar for å halde elevane informert om kven som treng lærlingar gjennom jobbannonser, kontaktar i bedriftene osv. Likevel er det ein klar oppfatning at eleven sjølv har ansvaret for å skaffe seg læreplass og at skulen ikkje har eit ansvar for elevane etter at dei sluttar på VG2.

Oppsummering


Kontakt og samarbeid mellom vidaregåande skule og bedriftene er som oftast eit resultat av faglærar sitt eige nettverk og erfaring frå sin bransje. I mange handverks- og industrifag har dette fungert ettersom lærar gjerne har god kontakt med bransjen gjennom tidlegare yrkesfaring. Utfordringa er likevel at skulen i liten grad kjenner til kva kontakta den enkelte lærar har og det er sårbart i dei tilfella der en lærar sluttar eller går av med pensjon. Det er lite samarbeidsstrukturar på avdelingsnivå, sjølv om nokre skular og fagretningar har fått til dette og har ein kultur for regionalt samarbeid, t.d. på Sotra, Stord og Voss til ein viss grad, der mange av lærepllassane er lokale i dei nærmeste kommunane. Det er varierande grad av samarbeid med opplæringskontora, som kan fungere som eit bindeledd mellom skule og bransje. Mange bedrifter som skulane har kontakt med har ikkje presentert seg for skulane.

YFF-faget har bidrige til at mange lærarar må kontakte bransjar for utplasseringsplasser og dra ut for å følgje opp dei elevane som er i utplassering. Slik sett kan dette fungere som ein kontaktflate og samarbeidsarena mellom vidaregåande skule og bedriftene, særleg med tanke på formidling av lærepllassar. I undersøkinga svarar halvparten av bedriftene at YFF gir god kontakt med skulen. Utplassering i YFF er også sett på som viktig for å få arbeidserfaring og kjennskap til arbeidslivet, både frå lærarar og bedriftene. Det kan også auke sjansane for å få lærepllass. YFF kan også bidra til å involvere bedriftene meir i elevane si opplæring. Sjølv om mange skular sender ut elevar til utplassering, er det framleis mange elevar som ikkje har eit tilbod om dette, særleg i VG1, delvis grunna ønskjer frå bransjen og andre praktiske årsakar som krevjande oppfølging.

Elevar som slit med å få læreplass er ingen homogen gruppe. Nokre slit openbert med svake karakterar og mykje fråvær, der sistnemte er sett på som svært avgjerande. Minoritetsspråklege med manglande språkferdigheiter, personar med psykiske lidinger eller eldre elevar utan rett kan slite med å få lærepllassar. Likevel meiner lærarane at det også er tilfeldigheiter kven som får læreplass og korleis dette er styrt og fordelt. Oppfølging av denne gruppa er varierande og skjer som oftast fram til utgangen av VG2, då skulen ikkje lenger har eit ansvar for elevane.

Konklusjonar/anbefalingar

- Informasjon om lærar sitt nettverk og kontakt med bedriftene bør i større grad formaliserast og gjerast tilgjengeleg for avdelinga/skulen. Faglærar bør framleis ha god kjennskap og kontakt med bedriftene slik dette fungerer hos mange lærarar allereie.
- YFF er ein openbar arena for kontakt med bedriftene. Det er eit rom for å rydde opp i prosessen med å skaffe til veie utplasseringsplassar, t.d. gjennom intensjonsavtalar mellom skule og bedrift, både av omsyn til tida dette krev hos lærarane, men også for å gjere det meir føreseieleg.
- YFF gir elevane verdifull praksis og kan auke sjansane for å få læreplass. Fag eller skular som i liten grad har elevane i utplassering risikerer at mange elevar går glipp av verdifull erfaring.
- Gruppa som slit med å få læreplass er ifølge lærarane samansett. Ein treng meir kunnskap om dei som er utan status (ikkje registrert i andre tilbod, VG3, Påbygg etc.) ved utgangen av året, kva føresetnadar dei har (karakterar, fråvær), for å sikre god oppfølging frå aktuelle aktørar internt og eksternt (OT-PPT, VO, NAV osv.).



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

